

Manus

TRYGG NETTHANDEL

Dette manuset skal brukast saman med PowerPoint-presentasjonen *Trygg netthandel*. Nummereringa i punkta samsvarer med dei som er i PowerPoint-presentasjonen. Punkt 1 høyrer til lysbilde 1 (side 1) i PowerPoint-fila, punkt 2 til side 2, osv. Du finn det same manuset også som notat under kvart lysbilde.

Skrift som er **utheva**, er kommentarar til kurshaldaren. Skrift med store BOKSTAVAR er overskrifter. Resten av teksten kan lesast høgt eller brukast som rettleiing for det kurshaldaren skal seie når han/ho underviser.

Manus

1. **Gå gjennom læringsmåla med kursdeltakarane før du startar sjølve opplæringa. Dette vil gjere det lettare for dei å lære og hugse det dei har lært.**

Hugs at nettbutikkar er forskjellige, så ta deg tid til å svare på spørsmål undervegs.

Det kan vere lurt å be kursdeltakarar om å ta med seg bankkort, kredittkort og betalingsbrikker til timen, slik at dei kan gjennomføre eit kjøp når undervisninga er ferdig.

2. **KVA ER EIN NETTBUTIKK?**

I nokre nettbutikkar kan ein kjøpe ting eller klede, men det er også mogleg å bestille tenester, reiser, reservere hotellrom og mykje meir.

Enkelte handlar i nettbutikkar for å spare tid og pengar. Andre opplever at dei på nettet får tak i produkt og tenester dei ikkje finn andre stader.

Det første steget når ein ønskjer å handle noko på nett, er å finne ut kva for ein nettbutikk ein skal bruke. Dei fleste veit kanskje allereie kva for ein butikk dei ønskjer å bruke. Dersom du veit kva slags vare du ønskjer å kjøpe, men ikkje veit kva for nettbutikkar som har ei slik vare, kan du prøve å søke/google vara i nettlesaren din og sjå om det dukkar opp butikkar der det er mogleg å kjøpe vara.

3. Her er nokre eksempel på ulike nettbutikkar.
4. Her er nokre eksempel på ulike nettbutikkar.
5. Her er nokre eksempel på ulike nettbutikkar.
6. Her er nokre eksempel på ulike nettbutikkar.

Manus

TRYGG NETTHANDEL

7. Dei fleste nettbutikkane er bygde opp ganske likt.
8. Det første du ser, er ofte ei side der du kan leite fram og lese om varene.
9. På sida finn du også ei handlekorg eller handlevogn der varene og tenestene du ønskjer å kjøpe, endar opp.
10. Trykk på ei vare for å velje ho.
11. Akkurat som i ein vanleg butikk, kan du velje å kjøpe ein eller fleire varer.
12. Akkurat som i ein vanleg butikk, kan du velje å kjøpe ein eller fleire varer.
13. Du kan også kjøpe fleire ulike varer.
14. Når du har lagt alt du ønskjer å handle, i handlekorga, må du finne kassa for å betale.
Viss du trykker på "kjøp", vil du sjå at vara blir lagd i handlekorga di.
15. Viss du trykker på "kjøp", vil du sjå at vara blir lagd i handlekorga di.
16. Her ligg det éi vare i handlekorga.
17. Handlekorga blir oppdatert når du legg i fleire varer.
18. I tillegg har nettbutikken ei "kasse" eller utsjekking der du må kvittere for kjøpet, bestemme deg for korleis du ønskjer å betale, og korleis du vil ta imot vara. Dette kjem vi tilbake til.
19. Nettbutikkar er ulike.
Enkelte bruker andre termar enn "handlekorg" og "kasse". Nokre stader står det "Bestill" eller "Legg i handlevogn".
20. Nokre nettbutikkar er også på andre språk. Men prosessen du skal gjennom, er den same.
 1. Finn den/dei varene du ønskjer å kjøpe.
 2. Gå til kassa når du er klar til å betale.
 3. Betal for varene dine.

Manus

TRYGG NETTHANDEL

21. SLIK BETALER DU

22. Når du skal betale, må du først finne kassa. Den lettaste måten å finne ho på, er å klikke på handlekorga. I tillegg til å vise deg kva for varer du har valt, vil du som regel kunne gå til kassa herifrå. Sjå etter ein knapp eller ei lenke der det står "Til kasse", "Gå til betaling", "Gå til utsjekking" eller noko tilsvarende som gjer at du kan avslutte handelen.
23. Når du skal betale, må du først finne kassa. Den lettaste måten å finne ho på, er å klikke på handlekorga. I tillegg til å vise deg kva for varer du har valt, vil du som regel kunne gå til kassa herifrå. Sjå etter ein knapp eller ei lenke der det står "Til kasse", "Gå til betaling", "Gå til utsjekking" eller noko tilsvarende som gjer at du kan avslutte handelen.
24. I kassa er det vanleg at du må gi frå deg følgjande informasjon til nettbutikken for å kunne gjennomføre eit kjøp:
25. Namn og adresse på mottakaren av varene (du kan velje å sende varene til ein venn eller eit familiemedlem)
26. Namn og adresse til den som betaler. Det heiter ofte fakturaadresse (dette skal vere deg).
27. E-postadressa di og telefonnummeret ditt (helst eit mobilnummer).
28. Betalingsform. Det er ofte mogleg å velje mellom å få tilsendt faktura, betale med bank- eller kredittkort eller bruke ei anna betalingsløysing.
29. Om du vel å betale med bank- eller kredittkort, blir du også bedt om å skrive inn namnet på den som eig kortet, kortnummer og utløpsdato (dette finn du på framsida av kortet) og CVC (Denne finn du på baksida av kortet ditt. CVC er dei tre siste tala lengst til høgre på den same linja som signaturen din.)
30. Før du kan gjennomføre kjøpet, må du også seie deg einig i kjøpsvilkåra til nettbutikken du bruker.

Vilkåra er ofte skrivne inn i lister som kan verke lange og uoverkomelege. Det er likevel viktig at du tar deg tid til å lese raskt gjennom, slik at du veit kva du seier deg einig i.

Les ekstra nøye på dei delane som handlar om levering, avbestilling, retur av varer og angrerett.

Manus

TRYGG NETTHANDEL

31. Når du har funne ut av desse tinga, kan du huke av for at du er einig i kjøpsvilkåra, dersom du framleis ønskjer å kjøpe varene.

Ein viktig del av kjøpsprosessen er også at du som kjøpar gjer deg pliktig til å betale for varene. Nettbutikken du handlar i, bør gi deg tydeleg informasjon om både dette og om angreterten.

Prosessene for betaling kan vere litt ulik frå nettbutikk til nettbutikk, så du må følgje instruksjonane på skjermen nøyne.

32. Når handelen er ferdig, kjem du vanlegvis til ei side der det står at bestillinga di er mottatt. Ofte får du også ein e-post med ei oversikt over bestillinga. Mange nettbutikkar sender deg også ein e-post undervegs i pakke- og sendeprosessen, slik at du veit kva som skjer med varene dine.
33. Kort samanfatta må du alltid gjennom desse trinna når du skal kjøpe ei vare på nett:
Finn ein nettbutikk.
34. Vel varer.
35. Legg varene i handlekorga.
36. Gå til kassa.
37. Skriv inn adressa til mottakaren.
38. Skriv inn fakturaadresse.
39. Skriv inn mobilnummer og e-postadresse.
40. Vel betalingsmåte, og fyll ut eventuell tilleggsinformasjon.
41. Les kjøpsvilkåra.
42. Godkjenn kjøpsvilkåra.
43. Sjekk at du har fått melding om at bestillinga er registrert.

Det kan sjå ut som det er mykje ein må gjere, men det blir fort lettare når du er blitt van med det.

Manus

TRYGG NETTHANDEL

Enkelte er redde for å bli svindla når dei handlar på nett. Sjansane for at dette skjer med deg når du handlar via kjende nettbutikkar som blir brukte mykje, er ganske liten, men det er likevel enkelte hugsereglar du bør merke deg.

44. KORLEIS UNNGÅ SVINDEL?

Enkelte er redde for å bli svindla dersom dei handlar over nettet, men viss du følgjer nokre hugsereglar, så kan du minske risikoien for at dette skjer.

Vi skal gå gjennom desse no.

45. Nokre gode hugsereglar for netthandel er:

Du bør ikkje handle hos nokon du ikkje har tillit til. Viss du er usikker, kan du alltid sjekke om telefonnummeret og kontaktadressa til nettbutikken er reelle og rette.

46. Pass på at du handlar med ei trygg teneste. Sjekk nettadressa i adressefeltet. Viss det står https, eller viss du ser eit bilde av ein hengelås i adressefeltet, er informasjonen du legg inn her, beskytta og kan ikkje plukkast opp av andre.

Ikkje gi frå deg informasjon om deg sjølv eller betalingskortet ditt viss ikkje s-en eller hengelåsen er til stades i adressefeltet.

47. HUGS: Når du skal handle på nettet, skal du berre skrive inn kortnummeret, utløpsdatoen på kortet og kontrollsiffera (CVC) til nettbutikken du handlar med. Blir du send vidare til ei side der du må skrive inn ein kode frå kodebrikka og eit passord, kan du gjere dette også. Du må IKKJE gi frå deg PIN-koden din.

Det er lurt å bruke kredittkort når du handlar på nettet.

Viss du skriv inn kredittkortinformasjonen når du handlar på nett, blir ikkje summen trekt frå kontoen din, men registrert på kredittkortfakturaen.

Då har du god tid til å kontrollere summen og ta imot vara før du må betale fakturaen. Viss du ikkje får vara, eller dersom ho har feil eller manglar, har du i tillegg gode forbrukarrettar når du betaler med kredittkort.

Uansett om du bruker kredittkort eller bankkort for å betale vara, skal du aldri skrive inn PIN-koden til kortet ditt (PIN-koden er den 4-sifra koden du bruker når du er i minibanken eller skal handle over disk).

Manus

TRYGG NETTHANDEL

Følg med på bankkontoen din. Viss du ser transaksjonar du ikkje kjenner att, eller som du trur kan vere svindel, bør du kontakte banken din. Dei kan hjelpe deg med å finne ut kva som har skjedd.

48. Det er grunn til å vere skeptisk dersom du blir bedt om å setje inn pengar på eit kontonummer for å betale for vara du skal kjøpe.

Viss du vel å betale på denne måten, vil rettane dine vere svekka, og det kan bli vanskelegare å få hjelp dersom du angrar på kjøpet, eller dersom vara ikkje kjem.

49. Følg med og pass på at vara kjem til den tida nettbutikken har ført opp i kjøpsvilkåra. Viss ikkje vara kjem, skal du heller ikkje betale for ho. Då må du ta kontakt med banken din.
50. **Ta deg tid til å hjelpe dei som ønskjer å bestille noko på nett.**

Det kan også vere lurt å skrive ut ei hugsliste med dei ulike trinna og forholdsreglane (gjerne med illustrasjonar) og dele desse ut til kursdeltakarane.